

Kåring av årets mestvinnande i avdeling Sogn og Fjordane

Endring av statuttar vedtatt på årsmøtet 2018. Statuttane er gjeldande frå og med 2018.

NSK avd. S og Fj kårar kvart år årets mestvinnande hundar bustatt i avdelinga, årets debutant og årets junior. Minst ein i familien må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for. Poengskala for mestvinnande brukshundar NSK-sentralt gjeld for alle brukskåringane, med unntak av spor og jakt der avdelinga har spesielle statuttar.

Viktig: Eigar har sjølv ansvar å sende teljande premieringar inn til styret innan 1. januar kvart år.

For å få premie må hunden minimum ha oppnådd 100 poeng i den greina den konkurrerer i (sjå unntak jakt).

Årets utstillingshund:

Poeng kan reknast frå dei tre beste utstillingane dette året.

For poeng frå utstilling sjå avdelinga si eigen poengskala til høgre.

Årets jakthund:

Poeng kan reknast frå alle jaktprøver og ein jaktanleggsprøve og ein apportprøve. Det er ikkje krav om minst 100 poeng for utdeling av premien dersom hunden har premiering frå jaktprøve det året det vert konkurrert. Ved lik poengsum vil jaktpremiert alltid verte plassert først.

Årets rallylydigheitshund:

Årets lydighetshund:

Årets brukshund NBF:

Årets sporhund:

Årets agilityhund:

Poeng kan reknast frå tre prøvar i alle desse greinene.

Ved lik poengsum vil styret kåra ein vinnar ut frå oppnådde poeng/kryss.

Resultat frå ulike dommarar vert rangert føre resultat frå færre dommarar ved lik poengsum.

| | Utstilling |
|-----|--|
| | Mestvinnande i fylket |
| 200 | BIS NSK/NKK |
| 190 | BIS 2-4 NSK/NKK |
| 180 | BIG NSK/NKK, BIS liten utst. |
| 170 | BIS 1-4 veteran NSK/NKK, BIS 2-4 liten utst. |
| 160 | BIG 2-4 NSK/NKK |
| 150 | BIG liten utstilling |
| 140 | BIS 1-4 veteran liten utstilling |
| 130 | BIG 2-4 liten utstilling |
| 120 | BIR NKK/NSK |
| 110 | BIM NKK/NSK |
| 100 | BIR liten utstilling |
| 90 | BIM liten utstilling |
| 80 | CK NSK/NKK |
| 70 | CK liten utstilling |
| 60 | |
| 50 | Excellent |
| 40 | |
| 30 | Very good |
| 20 | |
| 10 | Good |

Årets mest allsidige hund:

NSK sin gjeldande poengskala for årets allsidighetsspaniel vert brukt.

Årets debutant: Innsats i avdelinga, slik som frammøte på møter, kurs, treningar, hjelpe til på arrangement, starte på avdelinga sine prøver osv. tel like mykje som konkrete resultat oppnådd. Årets debutant vert tildelt førar/familie og kan berre vinnast av same førar/familie ein gong. Styret står fritt til å kåre FLEIRE vinnarar eit og same år og treng ikkje å dele ut prisen dersom dei ikkje finn aktuelle kandidatar. Minst ein i familien til årets debutant må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for.

Årets junior: For å vera med i konkurransen kan junioren fylle 18 år det året det gjeld, men ikkje vera eldre. All aktivitet tel, men det må vera junioren sjølv som fører hunden/er med på aktiviteten. Minst ein i familien til junioren må vera medlem i avdelinga det året det vert rekna poeng for.

Hederspremie:

Styret kan dele ut hederspremie til hundar som har utmerka seg innafor andre greiner enn dei som er lista opp over. Eigar av slik hund og andre medlemmer vert oppmoda om å sende inn aktuelle kandidatar med begrunning til styret.

Gjeld alle:

Styret brukar i tillegg til innsendte resultat også referat frå avdelinga sine aktivitetar, listene til NSK sentralt mm. for å finne aktuelle vinnarar. Vinnaren vert heidra på årsmøtet. Alle vinnarar med minimum 100 poeng innan greina får eit «gåvekort» på kr. 200 som kan nyttast på avdelinga sine aktivitetar fram til og med neste årsmøte.